



Opus Bergen AS
Strandgt. 59
5004 BERGEN

Referanser:
Dykkar: Gunnar Wiederstrøm
Vår: 15/1644 - 15/14006

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

09.07.2015

Førebels tilbakemelding og utsending av dokumentasjon

Me syner til diverse e-postar samt brev motteke den 1.6.2015, ang. førespurnad om oppstartsmøte for reguleringsplan for Fossesjøen, gardsnummer/bruksnummer 25/161,167.

Plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 krev at det før oppstart av reguleringsplan skal gjennomførast eit formelt oppstartsmøte. Då det no er midt i ferietid og ikkje mogeleg å samle nødvendig kompetanse til eit slikt møte, så lyt me vente til over ferien.

Møtet vil truleg verte i august, og me lyt kome attende til møtetidspunkt mm.

De kan likevel allereie no melde attende til planavdelinga om tal på representantar som stiller frå høvesvis tiltakshavar, fagkyndige, evt. andre.

Materialet til førebuing av møtet kan sendast på e-post til sakshandsamar eller via post til Meland kommune v/ Plankontoret, Postboks 79, 5906 Frekhaug.

Me ber om at de på førehand gjer dykk kjent med «*Startpakke for private planar etter plan- og bygningslova for kommunane i Nordhordland og Gulen*», særskild vedlegg B og C som omhandlar oppstartsmøte. Sjå [Startpakke for reguleringsplanar](#) under fane «*Plan- og regulerings saker*» på heimesida til kommunen.

Naudsynt førehandsinformasjon

For førebuing til oppstartsmøte må vi ha motteke følgjande informasjon, seinast to veker før møtetidspunkt.

1. framlegg til plangrense
2. oversikt over tiltakshavar og konsulent for planarbeidet
3. kort skildring av føremål med planarbeidet
4. særlege tema ein ynskjer å få avklart

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Anna førebuing

For å få best mogleg nytte av oppstartsmøtet kan de og sende inn informasjon gjeldande:

Presentasjon av tiltak og planområdet (kort skildring over det ein kjenner til)

1. Bakgrunn / historikk.
2. Intensjon.
3. Idéskisser.

Situasjonen i dag

1. Kort skildring av området.
2. Kva kartleggingar/ innhenta informasjon ligg føre per i dag (td. Undersøkingar av grunn/ arkeologiske undersøkingar/ el. anna relevant kartlegging)
3. Klargjering av eigedomstilhøve, eigedomsgrenser, matrikelrettar, mm.

Tilhøvet til gjeldande kommuneplan/ reguleringsplan/ regionale og statlige føringar

Konsekvensutgreiing

Forslagstillar bør og vurdere om det vil bli krav om konsekvensutgreiing, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing. Planprosess og plantype vil bli drøfta på møtet.

Risiko og sårbaranalyse

For alle planforslag skal det gjennomførast risiko- og sårbaranalyse jf. pbl § 4-3.

Kommunen har vedteke akseptkriterier med metode for gjennomføring av ROS. Dokumentet kan lastast ned frå kommunen si heimeside, sjå [Relatert informasjon](#) under fane «Plan- og reguleringsaker».

Krav til kompetanse

Vi gjer merksam på at reguleringsplanar skal utarbeidast av fagkyndige jf. pbl § 12-3.

Gebyr

For handsaming av private reguleringsplaner tek kommunen gebyr. Sjå kommunen sitt gebyrregulativ på kommunen si heimeside same stad, under fane «Plan- og reguleringsaker».

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar dersom de har spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Mottakere:

Mottakere:
Opus Bergen AS

Strandgt. 59

5004

BERGEN